

# K-POSTEN

ÅRGANG 18, NUMMER 2

MAI 2015

## PROGRAM FOR 17. MAI I NAUSTDAL KOMMUNE.

### NAUSTDAL.

Kl. 10.30 **Gudsteneste** i Naustdal kyrkje

Kl. 11.15 **Togoppstilling** ved kommunehuset

Kl. 11.30 **Avgang tog** til Naustdal sjukeheim, Velkomstord, song, song av 1-4 klasse, tale av borna, russetale, song.

Tog til Bautasteinen. Utdeling av pris til livlegaste klasse i 17. mai-toget. Tale for dagen ved Bjørn-Are Vollstad. Viss dåreleg vår, vert tala i idrettshallen.

Kl. 14.00 **Leikar og matservering** på skulen . Kafè/kiosk med sal av rømmegraut, kaker, is, pølser, brus og meir

Kl. 16.15 **Premieutdeling**

### INSTEDALEN.

Kl. 14.00. **Middag på Instedalen skule/Grendahus**

Kl. 16.00 **Leikar**, Kiosk/kafeen opnar

Kl 19.30 **Premieutdeling**

Kl. 20.00 **Folkefest**. Tale v/Erlend Herstad, Program v/Von 4H, avisa Framsteg,

**Vel møtt!**

### MIDTREDALEN

Kl. 13.00: **Matsserveringa startar**

Kl. 13.30 – 15.30 **Leikar** og konkurransar

Kl. 16.00-17.00 **Program** med song, musikk og tale/diktlesing

Kl.18.00 **Takk** for i dag og vel heim

### HORSTAD

KL. 14.00 **Samling på Horstad skule**. - Sal av mat m.m

Kl. 14.30 **Aktivitetar** for born og vaksne

Kl. 17.00 **Program**, allsong, Tale v/Håkon Myrvang., premieutdeling

### HELLE

Kl. 14.50 **Opppmøte**

Kl. 15.00 **Toget**

Kl. 15.45 **Tale** for dagen v/Åsmund Bertelsen, Kafè, åresal og leikar for store og små.

Vel møtt!

### VEVRING

Kl. 08.00 **Skramletog**

Kl. 13.00 **Gudsteneste** i Vevring kyrkje

**Kransenedlegging**

Kl.14.00 **Folketog**

Kl. 14.30 **Leikar og kafè** på skulen

Kl. 17.00 **Folkefest**



## Togoppstilling 17. mai 2012 i Naustdal.

1. Lensmannen
2. Flaggborga v/ 17. mai komiteen
3. Naustdal kommunestyre
4. Speidaren i Naustdal
5. Rosarussen
6. Idrettsbarnehagen
7. Lunden barnehage
8. Hjelpekorpsset
9. Dalen skule
10. Naustdal skulemusikk
11. Vevring skule
12. Naustdal songlag
13. Naustdal skule 1.-9.
14. Grønrussen
15. Foreldre og andre



Foto: Lilli Ann Seljeseth

## 17. MAI TOG I NAUSTDAL.

17 mai nemnda ynskjer alle velkomne til å ta del i barnetoget frå Kommunehuset, «rundt bruene» til sjukeheim og attende til Bautasteinen og skulen.

Vi oppodar alle om å stille med flagg i toget. Premiering til den skuleklassa som lagar mest liv og røre i toget. ☺

Oppstilling vert kl: 11.15  
Avgang kl: 11.30

## 17. mai 2015

I år er det 70 år sidan 2. verdenskrig. 17. mai er difor ein dag for å markere dette, markere at det er 70 år sidan vi fekk eit fritt Norge. Minna etter krigen er fortsatt sterke hos alle dei som opplevde fem ufrie år med okkupasjon av landet vårt. Krig må vi aldri få oppleve igjen. I dag, 70 år etter frigjeringa, so er mange av spora og minna etter krigen i ferd med å bli borte. Desto viktigare er det at vi fortsatt vert minna om kva krig fører til, at vi vert minna om alle lidingane krig fører til og at vi minnast alle dei som ofra livet for at vi i dag skal få leve i et fritt land. Det å få leve i eit fritt land kan oppfattast som sjølvstekt. Dersom vi vender blikket ut i den store verda så ser vi noko anna. VI høyrer og ser i bilde menneske frå land i Afrika som freistar å få ein ny start i eit Europeisk land. Dei freistar reise over Middelhavet i farlege og overfylte båtar. Vi høyrer om alle som sette livet til på denne farefulle sjøferda i forsøket på å få eit betre og friare liv. Vi fekk hjelp når vi trengde det for 70- 75 år sidan. Det er viktig at dei som no kjempar for sin fridom og menneskerettigheit får den hjelpa dei treng.

17. mai er ein dag for solidaritet og medkjensle. 17. mai er og ein dag for å markere rettferdigheit, menneskerettigheiter, likestilling og ytringsfridom. På 17. mai feirar vi også vårt demokrati sine institusjonar og vi minnast dei historiske hendingane som har stått sentralt i utviklinga av demokratiet i Noreg.

Gratulerer med dagen og lykke til med folkefesten.

Helsing

*Håkon Myrvang, ordførar*



## ENGEBØVEDTAK

Det har vore mykje merksemd kring mineralprosjektet på Engebø i det siste. Underteikna har stor forståing for at det er ulike syn på det å utnytte naturressursar for å bygge ny industri.

Vi skal difor ha respekt for at det er ulike meiningar kring mineralprosjektet. Men, det er og viktig å tenke på at vi i framtida skal bu og arbeide ilag uansett kva vi meiner om mineralprosjektet på Engebø. Difor håpar vi at alle har dette i tankane når vi no skal gå vidare med det faktum at reguleringsplana for Engebø er juridisk bindande og at mineralprosjektet på Engebø vert realisert. Husk på at det vi samtalar om «rundt kjøkkenbordet» vert viktig for at vi får det godt i både små og større bygdesamfunn i framtida.

Vi starta arbeidet med å greie ut mineralprosjektet på Engebø i 2007. I løpet av desse åra så har det vore stilt mange spørsmål kring sjødeponiet som ein har svart på gjennom konsekvensutgreiinga. Spørsmåla har vore av ein slik art at det måtte nye faglege utgreiingar til. Alt dette har ført til at «Engebøprosjektet» no er meir analysert enn det planprogrammet frå 2007 la opp til. I 2013 fekk landet ein mineralstrategi. Strategien legg opp til strengt utsleppsløyve.

Fredag 17. april fekk vi svaret på Regjeringa si handsaminga av motsegna frå Fiskeridirektoratet. Bak det positive vedtaket til regjeringa ligg det både langvarige og grundige vurderingar kring mineralprosjektet på Engebø. Vi fekk og eit veldig strengt utsleppsløyve for deponering av avgangsmasse i fjorden. Det skal mellom anna dokumenterast at sjømaten er trygg og det skal leggest opp til overvaking av avgangsmassen i deponiet. I praksis betyr dette at dersom det kjem avgangsmasse utanfor regulert areal så må bedrifta stoppe deponeringa for deretter å sette inn avbøtande tiltak. Det er og viktig å ha

med seg at bak regjeringa si handsaming ligg det ei positiv innstilling frå Miljødirektoratet.

For oss som kommune er det viktig at vi no får på plass ei miljøovervaking av sjødeponiet og at vi får på plass ei ressursgruppe til å følge dette. Vi ønsker at lag og organisasjonar vil ta del i denne overvakinga slik at alle får tryggleik for at deponeringa vert slik krava i utsleppsløyvet legg opp til.

Det er flott at vi no får mulighet for nye arbeidsplassar og folkevekst. Folkevekst er viktig fordi dette gjev meir inntekter til kommunen. Meir inntekter vil i neste omgang gje betre velferdsproduksjon til innbyggerane våre.

Helsing

**Håkon Myrvang**

ordfører

### BILDER FRÅ NAUSTDAL

#### 1940-1945

Naustdal sogelag er på jakt etter bilde frå krigen og fredsdagane.

Er det nokon som har bilder som sogelaget kan få låne å scanne??

Ta kontakt med Britt Kringlen på Naustdal bibliotek

Tlf: 57 81 63 11/90 19 03 10

Eller på mail :

[britt.kringlen@naustdal.kommune.no](mailto:britt.kringlen@naustdal.kommune.no)

**Kjempeflott viss Sogelaget**

**kan få låne bilde. 😊**



## Kva skal vegane våre heite?

Naustdal kommune har starta arbeidet med å innføre offisielle vegadresser i heile kommunen.

No kan du gje innspel på namn på vegar i vår kommune!

På nettsida til Naustdal kommune finn du kart med alle vegstrekningane markert. Kvar markør i kartet inneheld skildring, bilete og identifikasjon på vegstrekning.

Send e-post til Naustdal kommune med ditt forslag. Hugs å merke e-post med ID-nummer og/eller namn på vegstrekning.

Frist for innspel er 19. juni 2015.



Naustdal kommune har pr. i dag registrert totalt 1584 adressepunkt. Av desse er 524 vegadresser (offisielle vegadresser) og 1060 matrikeladresser (ikkje offisielle vegadresser). Det vil seie at ca. 2/3 av adressene i Naustdal kommune har ikkje er offisielle vegadresse.

Kartverket har som prioritert mål, at alle kommunar i landet skal ha offisielle adresser i løpet av 2015. For Naustdal kommune vil dette bli noko seinare.

Naustdal kommunestyre vedtok 11. desember 2014 at arbeidet med å innføre offisielle vegadresser i heile kommunen skulle setjast i gang. Samstundes vedtok kommunestyret ei lokal forskrift for namnesetjing, adressering og adresseforvaltning i kommunen.

## Kommunedelplan for kulturminne

Naustdal kommune har fått tilskot frå Riksantikvaren og Sogn og Fjordane fylkeskommune til registrering og planarbeid, basert på projektskildringa «Kulturminner i Naustdal - samtidskunst med natur og historie som klangbotn».

Arbeidet med lokal kulturminneplan i Naustdal kommune skal resultere i *Kommunedelplan for kulturminne*. Kommunedelplanen skal definere og formidle kulturminne, og skildre mål og tiltak for forvaltning av kulturminne i Naustdal. Planen skal bli eit verktøy i både samfunnsutviklinga, i arealplanarbeid og i handsaming av byggesaker.

Lokale kulturminneplanar er ei satsing frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på registrering og utvikling av lokale kulturminneverdiar. Det er ønskeleg at kommunane kan bruke kulturminna i den lokale samfunnsutviklinga. Både som kjelde til kunnskap og oppleving, og som grunnlag for verdiskaping og utvikling av lokal identitet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune bidrar med kompetanse, ressursar, erfaring og midlar. Samstundes er arbeidet del av Riksantikvaren sitt prosjektet «Kunnskapsløft for kulturminneforvaltninga». Kommunen styrer arbeidet og står fritt til å definere kva kulturminne er og kva kulturminne som er viktig for kommunen. Samarbeid med frivillige er viktig. Lokalt eigarskap. Lokal kunnskap.

### Organisering

- Politisk styringsgruppe for arbeidet er komité oppvekst og kultur
- Administrativ prosjektleiar og sekretær for arbeidet er Ann Lisbeth Lesto
- Arbeidsgruppe i administrasjonen

## Bok på døra – biblioteket rett heim til deg!

Har du problem med å kome deg på biblioteket sjølv? Årsakene kan vere mange; sjukdom, alder, glatt føre... Naustdal bibliotek og Naustdal frivilligsentral kan tilby deg bøker levert på døra!

Har du spørsmål om tilbodet: ta kontakt med Britt Kringlen, Naustdal bibliotek, tlf. 57 81 63 11 eller Torill Hukset, Naustdal frivilligsentral tlf. 57 81 61 44  
Tilbodet er gratis!

Som lånar kan du enten sjølv bestille bøker eller anna du ynskjer å låne, eller vi på biblioteket kan finne fram bøker av ein spesiell sjanger som du likar. Frivillig sentralen leverer bøker heim på døra di ein gong i månaden og hentar eventuelt det du er ferdig å lese. Vi avtalar tidspunkt for levering som passar deg.

Du kan låne alt som vanlege lånarar kan:

- Bøker
- Lydbøker
- Tidsskrift



## Innsamling av gamle bilete.

Gruppa som syner gamle bilete på Kyrkjelydhuset, har teke sumarferie. Vi starter opp att ein gong i september og takker dei som har levert bilete til kopiering. Vi er i gong med å skrive teksten til dei bileta vi kjenner historia til. Det er også mange ukjende bilete. Kanskje er nokre ikkje frå Naustdal i det heile. Desse bileta blir lagd ut på sogelaget si heimeside under overskrifta «Ukjend bilete nr»



Hjelp oss med opplysningar til desse bileta. Stad, personer, hus. Eit lite spor og vi veit kven vi kan spørje. Gå inn på [naustdalsogelag.no](http://naustdalsogelag.no) Vel Fotoalbum og skriv «\*ukjend» i søkefeltet. Ved å taste stjerna foran, får du berre ukjende bilete. Hugs å bruke tilbaketasten etter å ha valgt eit bilete.

Skriv innspel! Vi treng fleire opplysningar til alle bileta. Ikkje vær redd for å skrive i felta under kvart bilete. Vi godkjenner og retter småfeil.

Odd Byrkjeflot tel: 900 600 16

### VED HUSRYDDING OG DØDSBO.

Dukkar det då fram bilde ein ikkje har interesse av eller ynskjer å behalde, ta kontakt med sogelaget.

Sogelaget samlar bilde for ettertida, viktig å ta vare på gamle bilde frå bygda.

Ta kontakt på tlf: 90 19 03 10 eller mail:

[britt.kringlen@naustdal.ko](mailto:britt.kringlen@naustdal.ko)



### Bok og handarbeidskafè.

Naustdal bibliotek og Midtre Sunnfjord husflidslag takker for ein kjekk vinter/vår.

Vi starter opp igjen til hausten og håpar mange vil vere med oss då også.

Vi ynskjer alle ein god sommar.

## MUSIKKIBINGEN RIFFEN



DET ER LEDIGE ØVINGS-  
TIDER I MUSIKKIBINGEN  
RIFFEN VED NAUSTDAL  
BARNE- OG  
UNGDOMSSKULE!

Du må ikkje spele i band allereie for å søkje! Men det er ein fordel om du har basisferdigheiter på instrumentet ditt.  
Medlemsskap kostar 250 kroner per halvår for ungdom (til og med 19 år) og 500 kroner for vaksne.

Søknadsskjema og meir informasjon på  
[www.naustdal.kommune.no](http://www.naustdal.kommune.no)

## VIL DU GJERE NOKO UTE SAMAN MED VENER?

No kan du låne/leige utstyr til aktivitetar som fotball, volleyball, badminton, fiske, aking, skateboard, turar og overnatting i skog, i fjell og ved fjorden ved Rampen Ungdomsklubb. I tillegg kan klatresko lånast i buldreveggen i gamle-bassenget ved NBU.

For leige av det dyraste utstyret må det betalast eit depositum. Også familiar og lag/organisasjonar kan låne utstyret i nokre timar eller over fleire dagar.

**Gå ned på Rampen ungdomsklubb,  
ring eller send e-post for å låne/leige utstyr:  
57 81 97 62 / [rampen@naustdal.kommune.no](mailto:rampen@naustdal.kommune.no)**



## SKOGPLANTING VÅREN 2015

Har du ledig areal til skogplanting så ta kontakt med Henning Malones for tinging. Tilskotsprosent er som tidlegare år : 70 % Kontakttelefon for tinging eventuelt meir info : 57816129 - 97987128



## NAUSTDAL FRIVILLIGSENTRAL

### Årsmøte 2015

Naustdal  
Frivilligsentral hadde  
årsmøte tysdag

17.mars. Møtet handsama vanlege årsmøte-saker. , og valde følgjande styre:  
Leiar: Johnny Følling, Nestleiar: Erlend Herstad, Kommunen sin repr: Annlaug Birkeland, Styremedlem 1: Lars Jakob Hoffrenning, Styremedlem 2: Arne Rygg,  
1.varamedlem: Jarle Øvrebø,  
2.varamedlem: Aud Kleiva,  
3.varamedlem: Lilli Ann Seljeseth, Vara til kommunen sin repr: Trude Meek.



### Ein-til-ein – tenester.

”Ein-til-ein – tenestene” er tilbod om hjelp til ulike gjeremål som du vanlegvis greier sjølv, men som du av ulike årsaker kan trenge hjelp til. Arbeidet er gratis, mot at du betalar den frivillige for nødvendige utlegg som t.d. bensinutgifter. *Eksempel på tenester:* Handle varer. Kjøring i diverse ærend. Følgjeteneste. Småreparasjonar. Turvenn/besøksvenn. Hagearbeid. Råd/retteleiing. Skrivning av brev/kort.

### Måndagskafè.

Kafè i 1.etg. på Kyrkjelydshuset kl 10.30 – 14.00 kvar måndag med kaffi/te, vaflar og smørbrød. Måndagskafèen blir feriestengt i juli månad.



### Foreldre-/barn-treff.



Annakvar måndag på Kyrkjelydshuset kl 10.30 – 14.00 i 1.etg. Vi har leikematte, litt leikar og bøker. Alle foreldre med born, fortrinnsvis i alderen 0-1 år, er hjarteleg velkomne! Det er høve

til å kjøpe kaffi/te, smørbrød og vaflar i kafèen. Datoar for treff utover våren:  
**18.mai og 1.juni.**

### Sosialt samvere på Nillestova.

Kvar tysdag og torsdag kl.10.00-14.00, for alle pensjonistar og eldre i kommunen. *Kvar gong er det:* ”Føremiddags-kaffi” med nysteikte vaflar, trim, sosialt samvær, høve til å kjøpe middag. *Enkelte gonger er det:* Framsyning av film/bilete på storskjerm, Bingo, «Vi syng i lag», eller Seniordans. Deltaking på Nillestova kostar kr.40,- pr. gong, middag kr.65,-, Bingo kr.10,-. Treng du skyss til / frå, ta kontakt med Frivilligsentralen. Nillestova blir open

kvar tysdag og torsdag ut juni måned. I juli og fram til skulestart tar vi sikte på at det blir aktivitet på Nillestova annakvar tysdag. Frå medio august blir det igjen tilbod både tysdag og torsdag.

### **Seniornett Naustdal.**

Dataklubben har teke pause til hausten.

### **Aktivetskafè på kyrkjelydshuset.**

Aktivetskafèen er eit samarbeid i prosjektet «Helsefremjande eldre i Naustdal». Kafèen er open kvar torsdag kl 10.00 – 14.00, og inneheld følgjande aktivitetar: 10.30: Trim ved fysioterapeut i kommunehuskjellaren. Dei som ynskjer kan gå tur ute. 10.30: Naustdal Sogelag syner fram gamle bilde frå Naustdal på storskjerm, og kopierer bilde til oppbevaring for ettertida. 10.30: Boccia. «Vi syng i lag» har pause til over sommaren. Sal av smørbrød, vaflar, tebrød og lefse i kafèen. Serviceskyss frå Dalen og sentrumsområdet.



Hugs påmelding til drosja dagen før!

### **Lokal transport for ungdom.**

Naustdal Ungdomsråd, i samarbeid med Frivilligsentralen og Sogn & Fjordane Fylkeskommune tilbyr drosjerute frå Fjorden og Dalen til Rampen Ungdomsklubb kvar fredag. Rampen er open kl 18.30-23.00 fredagar. Målgruppa er ungdommar 13-19 år. Rutene går frå Horne og Svoa/Fimland ca. kl 17.30. Retur frå Rampen kl 23.15. **Påmelding** på Facebook **før kl 20.00 kvelden før**. Du må oppgje namn og adresse (kvar du vil gå på ruta) og om du skal vere med tur/retur eller berre ein veg. **Ruta går ved minimum 3 påmelde**. Pris kr 25,- kvar veg. Skyssen vil halde fram til skulen sluttar i juni.

### **Jonsokfeiring på Sanden 2015**

Tysdag 23.juni blir det Jonsokfeiring for alle som ynskjer på NaustdalsSanden.

Arrangementet startar kl 18.00 med varme grillar og leikar for born. Kl 19.00 blir det musikkinnslag v/ lokale aktørar. Kl 20.00 kveikjer vi jonsokbålet. Arrangør: Sentrumsnære grendelag, Sandens Venner og Frivilligsentralen.



### **Iselin Solheim kjem til årets Sanden-Søndag!**

Sanden-Søndag blir i år **søndag 23.august**.

Det blir som vanleg **opning kl 12.00** i båthamna.

Dagsaktivitetane, standane og bodene startar/opnar kl 13.00.

**Iselin Solheim** optrer i opninga.



Tema på årets arrangement blir: «70-årsjubileum etter krigens slutt i 1945».

I tillegg til ei kort markering i opninga, blir det eige programinnslag i høve jubileet seinare på dagen i båthamna. Sogelaget lagar til bildeutstilling på kyrkjelydshuset.

Padlekonkurranse: Naustdal Speidargruppe oppfordrar: Bygg din/dykkar eigen flåte/flytefarkost og ta den med på Sanden-Søndag! Delta i tre greiner: fiasko, best tid, best ide/utsjånad.

Salsboder: Driv du med handarbeid / handverk / kunst / tradisjonsbakst el.l? På årets Sanden-Søndag blir det igjen høve til å stille ut / ha salsbod. Pris: kr 200,- pr stand med eitt bord, kr 50,- pr ekstra bord. **Påmelding til Frivilligsentralen tlf 57816144 innan 25.juni.**

Stand/aktivitet: Vi oppfordrar alle frivillige lag i Naustdal til å bidra med stand og



aktivitet på Sanden-Søndag! Dette er ein god sjanse til å marknadsføre laget og verve nye medlemmar! Påmelding til frivilligsentralen.

## **Turar i Barnas Turlag 2015**

Laurdag 09.mai:

Seljefløytetur:

Seljevollen –

Speningsvatnet.

Turleiarar:

Torill Hukset

99553845 og Marit Apneseth 91834319.



Søndag 31.mai: Fisketur i Redalen i samarbeid med Naustdal Jakt- og Fiskelag

Kontaktperson Jakt- og fiskelaget:

Egil Nitter 952 40 495.

Søndag 07.juni: Skog-/fjell-tur frå Reinene gjennom Trollskogen mot Bruflotstølane.

Turleiarar: Janne L. Svorstøl 952 24 703

/Jill Aven

Torsdag 18.juni: Fjelltur til Steinkorsen i samarbeid med

Barneidretten/IdrettsskulenTurleiar: Siss-May Edvardsen 952 90 114

Torsdag 20.juni: Fjelltur frå Kleppstølen til Smådalsnipa i samarbeid med BTFØ.

Søndag 06.sept: Kom-Deg-Ut-dag til

Vonavatnet. Turleiarar: Siss-May

Edvardsen 952 90 114 og Åsmund

Berthelsen 932 37 073.

Søndag 20.sept: Fjelltur til Nareggja frå Mortensbakke, dei minste kan gå til

Bakkestølen. Turleiar: Viggo Leikanger 480 04 804.

For å vere med på tur er det berre å møte fram, det er inga påmelding. Har de spørsmål, ta kontakt med turleiar. **Alle born skal ha følgje med vaksne.** Ta med mat og drikke, og kanskje litt ekstra kle. Det er ikkje krav om å vere medlem av turlaget, men ein kan melde seg inn viss ein ynskjer til kontoret i Førde eller på internett. For meir info sjå Barnas Turlag Naustdal på Facebook eller [www.istur.no](http://www.istur.no)

## **Kan du tenkje deg å bli med i**

## **Frivilligsentralen?**

### ***Ta kontakt!!***

**Du bestemmer sjølv:**

**- kva du ynskjer å gjere**

**- kor tid du kan bidra**

**- kor mykje tid du vil bruke**

**Du inngår ingen langsiktig avtale, synest du det er givande held du fram.**

Eventuelle utgifter med arbeidet vil bli dekkja.

Vi har årleg festleg samkome for dei frivillige medarbeidarane våre i november, og om våren arrangerer vi hyggjeleg dagstur.

### **Naustdal Frivilligsentral:**

Kontor: 2.etg. på kommunehuset.

Kontortid: Måndag - fredag 8.00-15.30.

Tlf: 57 81 61 44 / 90 74 40 75

E-post:

[frivilligsentralen@naustdal.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@naustdal.kommune.no)

Postadr.: Naustdal Frivilligsentral,

Postboks 43, 6806 Naustdal

Heimeside:

[www.naustdal.frivilligsentral.no](http://www.naustdal.frivilligsentral.no)

Torill Hukset, dagleg leiar.



## **Serviceskyssen**

### **i Naustdal:**

**Er som EI VANLEG BUSSRUTE,**  
**for alle aldersgrupper!**

Ruta blir utført med taxi, og kostar **kr 25,-** kvar veg. **Meld deg på til Naustdal Taxi,** tlf. **97 74 70 70,** seinast kl. **20:00** dagen **før ruta skal gå.** Dette for at drosjeeigar

skal vite kvar han skal køyre, og kunne planlegge kor stor bil som må nyttast.

**Serviceskyssen går på desse dagane heile året, unnateke “raude dagar”:**

**Onsdag:**

**Sentrumsområdet – Naustdal sentrum**  
Start Helgås kl 10.00- tar med passasjerar i byggjefeltet – Naustdal sentrum ca kl 10.30.  
Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Helgås ca kl 13.30.

**Torsdag: Dalen – Naustdal Sentrum**

Start Svoa kl 09.30 - Slettemark–Ullaland–Byrkjeflot–Åse–Naustdal sentrum ca kl 10.30.  
Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Svoa ca kl 14.00.

**Fredag: Fjorden – Naustdal sentrum**

Start Horne kl 09.30–Vassbotnen–Helle–Naustdal sentrum ca kl 10.30.  
Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Horne ca kl 14.00.

**DET ER VIKTIG AT SERVICESKYSSEN BLIR BRUKT FOR Å FÅ BEHALDE DEN!**

Har du spørsmål om skyssordninga kan du ringe det same nummeret, **97747070**, eventuelt til **Frivilligsentralen tlf.**

**57816144**, eller **service-kontoret på kommunen, tlf. 57816100.**

Serviceskyssen er eit samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune som bidreg med tilskot til ordninga.

\*\*\*\*\*

**Open Kafè på Kyrkjelydshuset:**

Måndag : 10.30-14.00  
Onsdag: 10.30-16.30 Sal av middag frå kl 12.00.  
Torsdag: 10.00-14.00  
Fredag: 10.30-14.30  
Laurdag: 11.00-15.00

**Kafé-vertar:**

Naustdal Kyrkjelydshus  
”Onsdagskafèen”  
Frivillige organisasjonar i Naustdal  
Prosjektet ”Helsefremjande eldre”  
Frivilligsentralen



**Tambarskjelvar fotball tar vare på miljøet**



Fotballgruppa er med på ein nasjonal miljø innsamling av ubrukte mobiltelefonar. I samarbeid med Norges idrettsforbund og Telenor som er Returpartner forsikrar at all informasjon på den

gamle telefonen blir sletta.


Fleira av fotballspelarane i klubben vil komme rundt til hustandane i kommunen å samle inn. Innsamlingperioden er fra mai til september.

Ta ut minnekort og legg dei klar til du får besøk.

Det er også høve til å levere mobilane i kommunehusets resepsjon.

Bli med å ta vare på miljøet.

Fotballgruppa



**STØRST AV ALT**

**1-2-3 !**

**Vil du vere med?**

**Er du 8 eller 9? Og har du tid?**

*I tre heile dagar vil vi forme, skape, lage, leike og undre oss – saman.*

*Gud har skapt deg, meg og naturen rundt oss, kva kan vi skape?*

*Vi vil male og teikne, lage skulpturar og dekorasjonar, utforske det Gud har skapt i naturen og det som står i Bibelen.*

*Tidspunkt er 12.-14. august, frå kl. kl.08.00- 16.00. Oppmøtestad er Naustdal kyrkjelydshus.*

*Og dei som kan få vere med er born i Naustdal og Vevring som er født i 2006 og 2007.*

*(Maks 30 deltakarar.)*

*Kostnad: kr 400,-. Påmeldingsfrist: 15. juni.*

*Påmelding til Naustdal kyrkjekontor: tlf. 578 18 240 eller på e-post:*

*[kyrkjekontoret@naustdal.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@naustdal.kommune.no)*

*Brev med meir informasjon kjem i posten til alle født i 2006 og 2007.*

## Mange aktivitetar, god oppslutning og planar

Treng at mange er med på kronerulling og dugnad

Vinteren 2014/15 vart heilt anleis enn vinteren før. Då var det ikkje snø og ingen skiaktivitet i Instedalen skianlegg. Denne sesongen har det vore mykje snø og stor aktivitet, heilt frå før jul til over påske.

Med ny løypetrase og noko betre parkeringsplass har fleire nytta skianlegget både på dag- og kveldstid, og i helgane! Det har også vore god oppslutning om



### SOGESKRIFT OG BYGDEBØKER.

Sogeskrift og bygdebøker kan kjøpast på biblioteket.

Biblioteket sine opningstider er:

Tysdag: 10.00 – 15.00

Torsdag: 14.00 – 20.00

Laurdag: 10.00 – 14.00

Her får ein kjøpt eldre sogeskrift og sogeskriftet for 2014.





aktivitetane, både skiskulen, karusellrenna, Vinterveka og Instiaden. På skiskulen har det vore 30-40 med kvar gong - og heilt opp i 50 eit par

gonger. I Vinterveka var 50 ungar med ein eller fleire dagar. På karusellrenna har det vore med 30-40, både ungar og vaksne kvar gong.

### **Vidare planar**

I løpet av sommaren og hausten er planen å gjere ferdig løypetraseen på fire km med drenering og toppdekke.

Spelemiddelsøknaden er godkjent, og det er håp om midlar alt i år.

Vi arbeider også med å få inn midlar slik at vi kan starte ombygginga av brakkene til klubbhus med sanitæranlegg, smørebu og varmestove.

Planen er også å få bygd parkeringsområdet vidare ut, slik at vi frå neste sesong kan tilby betre parkering. Lysanlegg i skiløypar står også på planen. Det vil vere det tyngste løftet, så det er ikkje prioritert før etter at alt det andre er på plass. Vi legg også opp til å bygge ut skileikanlegget med fleire element.

### **Treng både midlar og dugnad**

Sjølv om vi får spelemidlar både til løypetrase, klubbhus og lysanlegg er det behov for å skaffe meir pengar og at mange vil gjere dugnad.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har alt ytt tilskot, og dei er søkt om meir.

Sparebanken Vest er søkt om midlar. Det same vil vi gjere med Gjensidigestiftinga.

Vi håpar på god oppslutnad om kronerullinga og at mange stiller på dugnad etter kvart som arbeidet skal gjerast! Mange har alt stilt opp, og det er mykje godord å høyre om både løype og anlegg!

No vil vi ha sommar og varme - før vi håpar på ein ny, god vinter for ski og andre

snøaktivitetar!

Åsmund Berthelsen  
(styreleiar Instedalen Skianlegg)

Støtt kronerullinga på konto 3705.25.36902.

Du kan fylgje oss på fjesboka og på instedalen.no



### **Tambarskjelvar Fotballgruppe Sesongen 2015**

Tambarskjelvar stiller med rekordmange aldersbestemte lag i årets sesong.

Totalt 12 lag er med i seriespel fra 9 – 16 år.

4 div Menn

7 div Menn

Vi ynskjer at beboarane i Naustdal kjem på laga sine kampar og støttar born og ungdom i bygda.

Kiosken er alltid åpen og slå av ein prat med andre foreldre, besteforeldre, tante, onklar som heiar på sine lag.

Tambarskjelvar skal arrangere Konglerike miniputte turnering 14 juni (Gutar / Jenter 06-10 år)

Her har miniputtelaga med 12-14 lag.

BEND IT CUP arrangerast 19-20 september. (Gutar og Jenter 06 – 12 år)

Alle kampar og referat blir publisert på

Fotballgruppa si heimeside. [www.tambar-fotball.com](http://www.tambar-fotball.com)

[http://www.klubbinfo.no/tambar/cat\\_naustdal\\_stadion.html](http://www.klubbinfo.no/tambar/cat_naustdal_stadion.html)

Velkommen til ein spanande sesong. Vi sjåast på Naustdal Stadion

MVH Styret i Fotballgruppa  
Bjørn Hundershagen, Leiar

## **TURER FOR PENSJONISTER 2015**

### **Tur til Eivindvik 8. juni 2015**

Frå Førde kl 0900 til Lavik - Oppedal - Brekke - Takledalen - Dalsøyra og Eivindvik.

I Eivindvik skal vi ha med oss lokal guide som viser oss rundt i Eivindvik og på den gamle tingstaden Gulatinget.

Frå Eivindvik køyrer vi om Rutledal - Rysjedalsvika og attende til Førde.

Pris 500,- Med i prisen er buss, ferje, lokalguide, inngangspenger og lunsj i Eivindvik.

### **2 dagars tur til Selje 29. og 30. juni 2015**

Her blir prisen ca. kr 1800,- i doble rom på Selje Hotel. Med i denne prisen er buss, ferje, overnatting i doble rom,

middag og frukost og 2 lunsjar. I enkeltrom blir prisen kr 1950,-.

### **Dagstur til Hornindal 5. august 2015**

Eg jobbar og med ein tur til Hornindal, Norangsdalen, Volda og Nordfjordeid,

men der er og vinterstengt på hotellet i Norangsdalen så eg har ikkje fått prisar endå

### **Dagstur til Kandalen 20. august 2015**

Frå Førde kl 0900 til Breim og til Kandalstølen. Lunsj i Kandalen.

Frå Kandalen - Sandane - Øvrebygda og attende til Førde.

Denne turen har eg ikkje fått prisen på lunsj i Kandalen for der er vinterstengt så det skal eg komme attende med pris på.

Eikefjord pensjonistlag har laga ein tur til Svanøy 16. juni. Båt frå Florø kl 1000 til Svanøy. Der får vi lunsj og omvisning

på Svanøy Hovedgård og hjortefarmen. Pris frå Florø og attende til Florø med lunsj og omvisning kr 700,-

Dersom det blir 10 personar eller meir frå laga i indre Sunnfjord vert det oppsett buss frå Førde kl 0830.

### **Påmelding seinast 2. juni**

No har eg fått program og pris på ein 5 dagars tur til Hitra og Frøya som eg sender ut til laga. Avreise 9. september så får vi sjå

om det er interessant for dykk.

Påmelding til Travelnet Fjordane Reisebyrå tlf 57725070, Håkon Råheim tlf 90518140 eller turnemndene i laga dykkar

seinast **7. august**

**Dersom det er noko de lurar på så berre ring meg eller send e-post og spør om turane.**

**Meld dykk på til turnemndene i laga dykkar eller meg.**

**Eg tek i mot bestilling på alle turane.**

Håkon Råheim tel. **90518140** E-post: [haaraa@online.no](mailto:haaraa@online.no)

**Naustdal  
Pensjonistlag**

**v/Björg Meek tlf: 99  
10 22 76**



## Øyra Løken Nærmiljøanlegg - fleire aktivitetar og penare!

Vi satsar på å få ferdig skateområdet og sykkelløypa i Øyra/Løken Nærmiljøanlegg i løptet av mai måned, i tillegg til resten av grunnarbeidet. Då vert det fleire aktivitetar - og det vil sjå penare ut!

Med 100.000 kr frå Gjensidigestiftinga har vi også starta arbeidet med å få til ein møteplass sentralt i anlegget. Vi satsar på å få opp ein gapahuk og bål plass. Vidare er planen å få opp ulike treningsapparat og gjere stiane i området betre.

Søknadene om spelemidlar til skateområdet og sykkelløypa er godkjende og det er godt håp om å få midlane alt i år. Det er alt lagt asfalt på skateområdet, så det står att å få elementa på plass. Sykkelløypa vil bli bygd saman med resten av grunnarbeidet. Vi planlegg også å plante ein del fleire tre.

Det vert også arbeidd med å søkje ytterlegare spelemidlar, både til eit klatre- og turnområde, ballområde og til hinderløype. Tilsaman kan Øyra Løken Nærmiljøanlegg få 1,2 millionar i spelemidlar til dei ulike anleggseiningane. Det utgjer 50 % av kostnadene. Resten må vi dekke med dugnad og andre midlar vi greier å få inn. Så langt har vi fått midlar både frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Sparebankstiftelsen DNB og Gjensidigestiftinga. Og vi har fått aktivitetsmidlar frå Naustdal kommune.

Åsmund Berthelsen  
(styreleiar i Øyra Løken Nærmiljøanlegg)

Her er elementa som skal opp på skateområdet i Øyra Løken Nærmiljøanlegg. Biletet er frå tilbod frå Scansis.



## Lyrikaren og salmediktaren Olai Aalen frå Vevring

Av Harald Jarl Runde

Olai Aalen er ein Sunnfjorddiktar som fortener å minnast. Han vart fødd som Olai Larsson i Ålen Indre i Vevring i 1874 og døydde i Oslo 1949. Mora, Larine, var frå Redalen, Medvatne Bnr 1.

Men no er det også ein annan Olai Aalen frå Ålen Indre på same tid, Olai Andreasson 1857 – 98. Sidan begge var lærarar/kyrkjesongarar og begge var engasjerte i fråhalds-, mål- og religiøst arbeid vert dei ofte blanda saman, både i bilete og tekst.

Det er Olai Larsson Aalen som har vunne seg eit namn som lyrikar og salmediktar. Han tok eksamen ved Stord lærarskule i 1895, var lærar i Eikefjorden, Naustdal (Horstad og Åse?), Holsen, Vanylven på Sunnmøre (?) før han vart kyrkjesongar i Rennesøy i Ryfylke. Var så i fleire år lærar ved Våland skule i Stavanger før han i 1929 måtte slutte av helseomsyn. Vart i 1900 gift med Maren Sofie Havikbotn frå Kinn.

Etterkomarane karakteriserer Olai Aalen med dei klassiske ideala til mange lekmannskristne frå Vestlandet på den tida: Venstremann, kristen (pietist), avhaldsmann og målmann. Om tida i Rennesøy og Stavanger veit eg lite, men i Sunnfjord rakk han å setje spor i etter seg. I fleire omgangar vart han valt inn i styret i ”Ungdomsvennens Foreining” som arbeidde for å opprette ein kristeleg ungdomsskule i Sunnfjord. Skulen kom i gang i Naustdal i 1902. Både i Eikefjorden, Naustdal og Holsen var han engasjert i songlag, fråhaldslag og ungdomslag.

Men det var lyrikaren og salmediktaren Olai Aalen. Dei fyrste dikta frå hans hand eg har funne, er frå 1902. Mitt inntrykk er at han famlar både med form, innhald og tema og ikkje alt er like godt gjennomarbeidd. Men han vart lagt merke til og 1914 kom fyrste diktsamlinga ”Glør”. Tre år seinare kom

samlinga ”Kristlyndt mod”. Etter eit langt opphald kom så ”Firkløverblad, kvede (1944)”, ”Solovring, kvede (1945)” og boka ”Mållaget ved Stord lærarskule 50 år (1947)”.

Særleg tre av salmane hans: *Å, var det so vel; Jesus, lat meg likjast deg* og *På åkeren ut* har vorte kjende og omtykte og er kome med i song- og salmebøker.

To av sønene til Maren Sofie og Olai Aalen – Leiv og Sverre – vart kjende teologar, skribentar og salmediktatar. For Sverre var det ei stor oppleving då han i 1977 var med som ein av prestane ved vigslinga av kapellet i Kvammen.

### Heimen din

*Tone: Gammal stevtone.*

Heimen din, han er ljøs og god,  
du liver i fred og sæla.  
Hugs då henne som utan ro  
må liva i sorg og fæla.

Borni dine hev nok av mat,  
du munnarne små kan metta.  
Hugs då henne som tome fat  
til gråtande born må retta.

Borni dine hev varme klær,  
i draumar so søtt dei smiler.  
Hugs dei borni som nakne er  
og frosne på golvet kviler.

*Olai Aalen*

[I.O.G.T. Godtemplarsangboken Andet oplag. 1910.]



## TELEFONLISTE FOR NAUSTDAL!

Kommunehuset: 57 81 61 00  
(Plan og næring, Kultur,  
service, tekniskdrif, rådmann)  
Legesenteret: 57 81 60 20  
Legesenterer v/akutt behov: 57 81 85 00  
Legesenteret etter 15.30: 57 83 01 13



Helsesøster: 57 81 60 37  
Jordmor: 57 81 60 36  
Tannlege: 57 81 91 93  
Heimesjukepleien: 57 81 62 13  
Fysioterapi: 57 81 88 22  
Psykisk helse: 57 81 61 09  
Naustdal Sjukeheim: 57 81 62 00  
Politi: 57 72 37 00  
Brann: 57 72 20 78  
Kyrkjekontoret: 57 81 82 40  
Biblioteket: 57 81 63 11  
Brøytevaktnummer  
Naustdal kommune : 94 17 05 15  
(gjeld i perioden 01. des – 31. mars)  
Frivilligsentralen: 57 81 61 44 / 99 55 38 45  
Naustdal Røde Kors Hjelpekorps 94 82 85 85

### SKULER.

Naustdal barne og  
Ungdomsskule: 57 81 63 00  
Dalen skule  
Midtredalen: 57 81 86 51  
Vevring: 57 81 88 26



### BARNEHAGAR.

Naustdal Idrettsbarnehage as 41 65 18 00  
Lunden: | 57 81 94 68  
Vevring: 57 81 89 19